



HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



Det var ein leik vi kalla «å bomma». Då hadde vi ein stad på skulehusveggen der ein skulle «bomma» (slå i veggen) når ein hadde sett ein kamerat, men ein måtte ha sett heile figuren. For dei som var «fri», galdt det å koma seg fram til bommestaden og bomma utan å verta sett. Så var det å «monka»; det var serleg jentene som dreiv med munkekuler.

Når vi «jeppa», hadde vi to pinnar, ein kort og ein lenger. Den korte la vi på tvers på to mursteinar. Den lange bruka vi til å slå den korte ut med. Det var best om ein med eit snøgt slag fekk den korte langt av lei. Motparten skulle så kasta den korte pinnen inn att, og målet var å koma så nær mursteinane at det ikkje var ei pinnelengd mellom steinane og den

innkasta pinnen. Makta dei det, var det dei til å vera inne. Makta dei det ikkje, fekk jepparen så mange poeng som det var pinnelengder mellom steinane og den innkasta pinnen.

Endå fleire leikar kunne nemnast frå skuleåra, såleis ein som vi kalla «kniven». Her streka vi opp ein sirkel og delte han opp etter så mange som var med. Så tok striden til med at ein kasta ein kniv mot motparten sin del av sirkelen, og kniven måtte verta ståande med bladet ned i jorda. Så drog ein ei line over motparten sin del i retning etter som knivbladet synte. Det som dermed vart delt frå, vart annektert frå motparten. Såleis heldt ein fram til motparten ikkje hadde så mykje «land» att at han hadde plass til ein fot.